

Til.
Rovviltnemnda i Region 2,
v/ Leiar Jørund Ruud.

Hemsedal 7. april 2013.

Frå.
Buskerud Sau og Geit v/Leiar: Tor Grøthe.
Telemark Sau og Geit v/Leiar: Jon Aslak Austjore
Vestfold Sau og Geit v/Leiar: Håvar Fjære

Saka gjeld:
Høyring på utkast til forvaltningsplan for rovvilt i region 2.

Rovviltnemnda har tidlegare vedteke å utrede:
Tydeligare geografisk differensiering av beite og gaupeområder (kap. 6 i gjeldande plan) i Rovvilt region 2.

Buskerud sau og Geit hadde denne saka ute på høyring med frist 20. november 2012. Styret i BSG behandla høyring/uttale til forvaltningsplan for Region 2. i møte 26.11.2012, ingen lokallag i Buskerud ynskte prioriterte beiteområder for sau.

Vestfold Sau og Geit har behandla denne saka i styremøte i november 2012 og januar 2013, Vestfold ynskjer heller ikkje prioriterte beiteområder.

Telemark har ikkje behandla saken, men vil inntil dette skjer gje tilslutning til dette brevet saman med Buskerud og Vestfold. Dette brev blir framlagt på møte med rovviltnemnda i region 2, 9. april 2013.

Buskerud, Telemark og Vestfold Sau og Geit, vil hermed koma med fyljande felles uttale til "tydlegare geografisk differensiering av beite- og gaupeområder":

Det er IKKJE ynskje om differensierte gaupe og beiteområder i Buskerud, Telemark og Vestfold.

Grunngjeving:
Ein må rekne med at dagens nivå på familiegrupper av gaupe i region 2 ikkje vil endrast i planperioden.

Om ein skal differensiere områda, vil rovdyrproblematikken forsterkast i dei beiteområda som ikkje blir prioriterte for beitedyr. Dette vil få store konsekvensar for både inn og utmarksbeiting i dei ikkje prioriterte beiteområda (beitenekt), og det kan og bety slutten på sauedrifta for mange (til å drive med sau) i dei nedre og austlege delar av fylka våre. Det er stort sett i desse områda problema med sau tapt til gaupe er størst no i dag, og ein må forvente at situasjonen her då vil forverre seg.

Dersom det blir prioriterte beiteområder andre stader enn langs grensa til Vest-Agder, er det truleg at dette vil omhandle: I gjeldande plan er kommunane: Lillesand, Birkenes, Iveland, Evje og Hornes, Bygland prioriterte beiteområder.

I tillegg er desse kommunane foreslegne teke med i alt. 2 og 3: Valle og Bykle i Aust-Agder, Tokke, Vinje og Tinn i Telemark, Nore og Uvdal, Hol, Ål og Hemsedal i Buskerud, og kanskje fleire kommunar. Ein må rekne med at prioriterte beiteareal i forvaltningsplanens område 2 då vil utgjere ca. 1/3 av arealet slik det ligg i forvaltningsplanen no i dag.

Buskerud, Telemark og Vestfold Sau og Geit håpar med dette på at rovviltnemnda i region 2 ikkje går for prioriterte beiteområder i fylka våre.

Buskerud Sau og Geit
Tor Grøthe

Telemark Sau og Geit
Jon Aslak Austjore

Vestfold Sau og Geit
Håvar Fjære

Andre innspel til arbeidsoppgåver for rovviltnemnda i region 2, frå Buskerud, Telemark og Vestfold Sau og Geit:

Tidsriktig Oppfølging av analyser frå avføringsprøver til eventuelt freda rovvilt. Prøver må analyserast tidleg, så dei kan vere med som dokumentasjon til søknad om erstatning av sau og lam til freda rovvilt.

Hodyrkvota for gaupe må aukast, for at ein skal koma ned på bestandsmålet (kan reduserast). Hodyrkvota må vurderast å kunne tildelas på meir lokalt nivå, då hodyra er meir revirhevdande, og dei bruker langt mindre areal enn hanngaupa. Eks. tildeling kan skje til dei forskjellige jaktområda.

Ved påviste tap av sau til Bjørn og Ulv, må SNO i større grad gjere raske og effektive uttak.

Kongeørn – endre forslag om det verbale i høringsuttalen. "Naturlig utvikling", denne tekst bør endras til etter bestandsmål.

Teksten: ", men noe over nasjonalt fastsatt mål", må tas ut av planen, og teksten blir slik:

For å sikre regional myndighet og et handlingsrom for Rovviltnemnda, skal gaupe-bestanden som gjennomsnitt av antall dokumenterte ynglinger over en treårsperiode ligge nær nasjonalt fastsatt mål (12 ynglinger).

Bestandsmålet for Gaupe i region 2. er 12 ynglinger.

Mvh.

Buskerud Sau og Geit, Tor Grøthe

Telemark Sau og Geit, Jon Aslak Austjore

Vestfold Sau og Geit, Håvar Fjære